



Fylkesmannen i Hordaland

Sakhandsamar, innvalstelefon
Alfa Merethe Sefland, 55 57 21 15

Vår dato
25.09.2015
Dykkar dato

Vår referanse
2015/6867 350
Dykkar referanse

«MOTTAKERNAVN»
«ADRESSE»
«POSTNR» «POSTSTED»

Varsel om ny tilsynsrunde innan samfunnstryggleik og beredskap

Kommunal beredskap er avgjerande for om Noreg i framtida vil vere i stand til å avdekke og handtere uventa hendingar og møte utfordringar på ein rask og effektiv måte. Vi ser ein klar samanheng mellom aukande tal hendingar som klimarelaterte hendingar og naturulykker, og auka kommunal medvit om samfunnstryggleik og beredskap. I den seinare tid har òg internasjonale hendingar medverka til større merksemd om temaet i befolkninga generelt.

Hordaland har om lag ti prosent av Noregs befolkning, om lag fem prosent av Noregs areal og eit særslig samansett risikobilde. $\frac{1}{4}$ av alle tunnelar i Noreg ligg i Hordaland fylke. Verksemder innan olje, gass, shipping, fiskeri og oppdrett gjev store inntekter og er av nasjonal betydning. Geografien er krevjande med mange vinterstengde og ras-utsette vegar, vêrhard kystline med stor skipstrafikk. Fylket huser store infrastrukturtiltak innan kraftproduksjon og olje- og gassterminalar, har kjemikalietransport på vegar med mange bru- og fergekryssingar, øyer som er utsette for lyngbrann og bygder med stor flaumfare. Eit spesielt trekk ved Hordaland er at halve befolkninga bur i Bergen kommune som t.d. har store utfordringar knytt til evakuering av sentrum dersom noko skjer på godsterminalen på Nygårdstangen eller i Bergen hamn.

Oppsummering frå siste tilsynsrunde viser eit blanda bilde. Mange kommunar har ein tilfredsstillande status på ROS-analyser og beredskapsplaner. Nokre kommunar fekk avvik og har gjort ein god jobb med å utvikle og legge fram nye analysar og planar. Men for fyrste gong er Fylkesmannen i Hordaland i gong med å varsle pålegg til ein kommune som ikkje følgjer opp. Vi håpar at den saka løyser seg på ein god måte, og i framtida har vi som målsetting å jobbe enno tettare på kommunane i oppfølging av tilsyn.

Tilsyn gjev resultat

Kommunane er ofte gode til å handtere ulike hendingar og kriser, takka vere oversiktlege forhold og handlekraftige enkeltpersonar lokalt. Men når beredskapsansvaret kjem i tillegg til mange andre kommunale oppgåver, og ressursane er knappe, vert det systematiske og langsiktige arbeidet likevel prioritert ned. Gode planar og overordna risikovurderingar manglar ofte, og arbeidet vert gjerne sett i gong når meldinga om tilsyn kjem. Dei fleste kommunane har fokus på å handtere kriser framfor å unngå at krisene oppstår.


På eit overordna nivå er det viktig å sikre etterleving av lover og forskrifter og sjå til at kommunane grip fatt i dei risikofaktorane dei har i sin kommune, slik dei faktisk pliktar etter Sivilbeskyttelseslova, og få ROS-analyse og beredskapsplan inn i planstrategien sin.

På tilsyn får vi klare tilbakemeldingar på at det å stille lovkrav gjev resultat i form av oppdaterte analysar, planar og rutinar. Kommunane treng, og ønsker, at Fylkesmannen følgjer arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap jamleg. I kvardagen vert lover og forskrifter som definerer ansvar, roller og oppgåver knytt til samfunnstryggleik og beredskap tolka på ulike måtar, og den fragmenterte kvardagen er i seg sjølv ein risikofaktor på overordna nivå. Gjennom strukturerte og einskaplege tilsyn og rettleiing, tydeleggjer vi roller og prioriterte oppgåver og støtter opp om kommunane sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap.

For at alle skal vere kjent med dei kriteria Fylkesmannen legg til grunn for vurdering på tilsyn, legg vi ved ei oversikt – ei sjekkliste i eige vedlegg – som viser krava i Sivilbeskyttelseslova og forskrift om kommunal beredskapsplikt. Vi tilrar at denne sjekklisten vert skriven ut i A3.

Vi ønsker i komande tilsynsrunde å sette eit særleg fokus på å få fram «den raude tråden» frå overordna risiko, til mål for samfunnstryggleik og beredskap, planar, prioriterte tiltak og klare rutinar.

Slik ser sjekklista ut:



Plan for gjennomføring

Kommunal samfunnstryggleik og beredskap har eit stort uforløyst potensial, ikkje minst knytt til god planleggings- og analysekompetanse i kommunane. I tillegg ønsker vi å stimulere til meir samarbeid med nabokommunar og andre beredskapsaktørar. Difor stokkar vi om på rekkjefølga for tilsyn den kommande runden. På denne måten håper vi at vi kan bidra til meir samarbeid på tvers av kommunegrenser og gode avklaringar om ekstra ressursar i krisesituasjonar (slik at ikkje to kommunar står og «slit i» t.d. same traktoren når elvene flymmer over).

Slik ser førebels planen for gjennomføring av femte tilsynsrunde ut:

| 2016 | 2017 | 2018 | 2019 |
|--|---|--|--|
| <ul style="list-style-type: none">• Midhordaland• Bergen (-14)• Fusa (-14)• Samnanger(-14)• Os (13)• Sund (13)• Fjell (-12)• Askøy (13)• Øygarden (-12) | <ul style="list-style-type: none">• Nordhordland• Vaksdal (-13)• Modalen (-15)• Osterøy (-13)• Meland (-12)• Radøy (-14)• Lindås (-12)• Austrheim (-13)• Fedje (15)• Masfjorden (-15) | <ul style="list-style-type: none">• Hardanger• Jondal (-14)• Odda (12)• Ullensvang (-14)• Eidfjord (14)• Ulvik (-15)• Granvin (-15)• Voss (-12)• Kvam (-13) | <ul style="list-style-type: none">• Sunnhordland• Etne (-15)• Sveio (14)• Bømlo (-14)• Stord (-13)• Fitjar (-15)• Tysnes (-15)• Kvinnherad (-12)• Austevoll (-12)• Hordaland (-15) fylkeskommune |

Tala i parantes angir år for siste tilsyn. Dette betyr at enkelt kommunar får hyppigare tilsyn enn før, medan nokre kommunar får meir enn fire år sidan førre tilsyn. Dersom det oppstår spørsmål eller innvendingar mot denne planen, kan den kome til å bli endra. Fylkesmannen i Hordaland vil i så fall sende ut ei oppdatering på det.

Det vil innan ein månads tid bli sendt ut eige brev til dei kommunane som får tilsyn neste år med forslag til datoar for tilsyn og sluttmøte.

Eventuelle spørsmål kan rettast til
Alfa Sefland på tlf. 55 57 21 15 eller e-post: fmhoams@fylkesmannen.no, eller til
Eva D. Hauge på tlf. 55 57 21 22 eller e-post fmhoedh@fylkesmannen.no

Med helsing

Arve Meidell
fylkesberedskapssjef

Alfa Merethe Sefland
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.